

## Kven saknar ny barnesykkel ?

08.12.2018



Dersom dette er sykkelen din, kan du ta kontakt med Edith og Tom Haugland i Kleivadalen.

**Attgløynde syklar langs vegen er eit aukande problem, noko vi på Uskedalen.no har skrive om mange gonger. No gjeld det ny barnesykkel, lilla med merke MOGUL, som står i Kleivadalen. Tom Haugland fortel at sykkelen ein dag tidleg i veka vart attgløynd ved garasjen hans. Ingen har meldt seg som eigar så langt.**

Edith og Tom Haugland vil at sykkelen vert henta og at den kjem fram til rett eigar. Den nye barnesykkelen må vera ny og den har sin verdi.

Reaksjonen har før skrive om attgløynde syklar ved Leite på Kjærlandssido, ved Uskedal bru og på Steinsletto ved avkøyrsla til industriområde på Børnes.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal